

## **Referat frå informasjons-/folkemøte i Vindafjordhallen torsdag 18. februar 2010**

**Plassjef Arne Skogheim hos AF Decom på Raunes og leiaren i Vats Grendautval Jon Olav Velde** ynskte om lag 100 personar velkommen til informasjonsmøte der NIVA (Norsk Institutt for Vannforskning) la fram sin årsrapport for overvakningsprogrammet dei har ute på Raunesbasen og sin sluttrapport om tilhøva i Vatsvassdraget.

Ragnar Larsen var ordstyrar.

Møtet var to-delt:

**1. Overvakningsprogrammet ute på Raunes:** Prosjektleiar Astrid Kvassnes presenterte heile rapporten på ein flott og oversiktleg måte.

**Kvalitetsledar Torgeir Bakke og forskar Anders Hobæk i NIVA** er også medansvarlege for denne årsrapporten og var med og utdjupa enkelte punkt.

Det er eit svært omfattande prøvetakingsprogram NIVA har lagt opp til i og omkring Vatsfjorden heilt fram til 2014. NIVA har mange faste prøvetakingspunkt i sjøen og på land omkring Vatsfjorden, Yrkesfjorden og ute ved Krossfjorden for å sjå om bedrifta AF Decom sin miljøbase er med og forurensar miljøet i sjøen, på land og i luft. NIVA undersøker fisk, skalldyr, tare, slamdyr i mudderet m.m.

For å sjå om det er luftforurensing, tek dei moseprøvar på faste punkt rundt omkring Vatsfjorden. Etasjemosen er ypperleg som testplante – han veks med ein etasje for kvart år og er lett å undersøka.

**Hovudkonklusjon på NIVA** sin årsrapport var oppløftande for alle partar. Det er svært lite utslepp frå Raunesbasen, men enkelte prøvar har litt høge verdiar, men dette skal undersøkast nærmare og AF Decom tek dette til etterretning og tek affære om naudsynt. Ingen av prøvane var over faregrensa. Mattilsynet vart utfordra på dette, men dei hadde ingenting å utsetja på resultata av testane på fisk, for dei oversteig ingen faregrense, men dei ville sjølv sagt lesa rapporten grundig når dei fekk han. Dette syner at det anlegget AF Decom har bygd opp ute på Raunes, fungerer etter krav og retningslinjer så langt. Bygdefolket kan føla seg trygge på at Miljøbasen ute på Raunes tek miljøet i og omkring Raunes og Vatsfjorden/Vatsbygda på alvor og gjer forbetringer – det vil alltid vera forbetringspotensial.

Nå har NIVA laga eit godt utgangspunkt som dannar grunnlaget for ytterlegare prøvar i åra som kjem.

**2. Vatsvassdraget: Grendautvalet, Bondelaget og Grunneigarlaget i Vats** tok initiativ til å få undersøkt Vatsvassdraget. Dette er til tider svært forurensa med stor algeoppblomstring og misfarga og nærmast ubrukande for folk og dyr om sommaren og utover.

Sidan NIVA var engasjert ute på Raunes, var det naturleg å engasjera dei til å få ein tilstandrapport i dette vassdraget. Det kostar mykje å få laga ein slik analyse. Det er mange prøvar som skal takast, analyserast og systematiserast. Over 100 000 kr kosta dette, men ved hjelp av private sponsorar og SMIL-midlar, let dette seg realisera.

Det var lagt opp til faste prøvetakingspunkt både i Vatsvatnet og Landavatnet. I tilførselselvane Aurdalselva, Alvseikeelva, kanalen mellom Landavatnet og Vatsvatnet, Landabekken, Blikraelva og Røyrvikbekken var det faste prøvetakingspunkt. Åsmund Kalstveit og Jon Olav Velde i grenadautvalet har heile tida vore med og teke desse vassprøvane.

**Forskar Anders Hobæk la fram sluttrapporten** på ein oversiktleg og god måte.

Det er tidlegare teke prøvar i vassdraget – i 1987, 1988, 1989, 1991, 1996 og nå i 2009.

**Hovudkonklusjonen** er at Vatsvassdraget er sterkt forurensa av for mykje næringsstoffer over lang tid. Det har vore ei negativ utvikling i desse åra, men enkelte lyspunkt kan ein sjå. Dette gjeld nedgangen i bl.a. fosfor. Stor algeoppblomstring og misfarging på seinsommaren er resultatet av mykje tilførsel av næringssalter. I kraftige nedbørperiodar er det stor avrenning og overflauming av lågtliggjande dyrka mark som gjer at landbruket må ta sin store del av skulda her, men også andre kilder kan vera involvert. Når det gjeld vasskvaliteten i tilførselselvane, kom Blikraelva best ut. Dette

kan kanskje/sikkert skuldast miljøparkane/-dammane som Åsmund Kalstveit og Josef Blikra laga i si tid for å ta avrenninga frå deira mark.

Det må setjast i verk tiltak hos bøndene for å betra denne situasjonen. Bondelaget må sjå på ulike tiltak når det gjeld gjødslingsmetodar, tidspunkt for utkjøring av gjødsel, lagringskapasitet for gjødsel, tilskotsordningar for utbetringstiltak på gardane og kommunen må sjå på kloakkeringssystema og byggja ut kloakknettet slik at flest mogleg hus kjem inn på dette og få slutt på alle private avfallsdeponi.

Det var ein lydhøyr forsamling som nikka og var fornøgde med det dei fekk høyra. Dei fleste var på førehand spente på kva som kom ut av rapportane.

Etter framlegginga av rapportane, var det tid for spørsmål og kommentarar.

Fleire hadde ordet og kom med både spørsmål, synspunkt og kommentarar til NIVA og AF Decom. NIVA v/Astrid Kvassnes og Anders Hobæk fekk mange godord for flott framføring på sine rapportar. AF Decom fekk ros for deira anlegg og for informasjonen dei gir bygdefolket med sine skriv.

Mange sakna Miljøvernforbundet sine representantar på dette møtet sidan dei har vore så engasjerte av miljøet heile tida. Nå hadde dei hatt sjansen til å få informasjon direkte og få stilla dei nødvendige spørsmåla til NIVA, AF Decom og kommunen i eit åpent møte.

Eit godt og sakleg møte på alle måtar.

Resultata frå rapportane vil bli lagt ut på **Vatsnett.com** når dei er ferdigskrivne.

Øvre Vats 19/2 – 10

Jon Olav Velde  
-leiari / skrivar i Grendautvalet i Vats-